



Nordfjord vassområde

Arbeidsutvalet for Nordfjord vassområde

Att:

Dykkar ref	Vår ref (oppkje ved svar)	Dato
	14/6399	06.05.2014

Referat Arbeidsutvalet Nordfjord vassområde 28.04.2014

Møtet fann stad på Heradshuset, Sandane, 28.04.2014 kl 10.00 – 12.00.

Desse møtte:

Medlemar i arbeidsutvalet:

Jostein Moldestad, Gloppen kommune (møtte for Kristine Dahl)

Sigmund Larsen, landbrukskonsulent (møtte for Bjørn Henry Marthinussen)

Kristian Nave, Selje kommune

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune

Solfrid Trå, Jølster kommune

Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Forfall:

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Odd Rønningen, Stryn kommune

Sak 4-2014 Orientering

Ministaren og 2 statssekretærar frå Klima og miljødepartementet (KLD) planlegg synfaringar i samband med høyringa av regionale vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram.

Miljødirektoratet inviterer i denne samanheng til å føreslå synfaringssjakt. Gloppen kommune ved ordføraren har føreslege kraftverksdammar ved Ålftobreen i Bremanger kommune, der samfunnsnytte må vurderast opp mot frilutslivsinteresser.

Selje kommune gjorde framlegg om Dalsbøvassdraget, der NVE har iverksett tiltak for å redde ein elvemuslingbestand. Denne bestanden var stor i si tid, men er no utryddingstruga grunna redusert vassføring.

Prosjektleiar spelar inn framlegget til Vassregionmynda, og i tillegg framlegg til synfaring saman med konsulent som skal kartlegge påverknad frå jordbruk og spreidde avløp.

Sak 5-2014 Problemkartlegging av påverknad frå jordbruk og spreidde avløp

Problemkartlegging er lagt inn i tiltaksanalysen som tiltak for fleire vassførekomstar i høve jordbruk og spreidde avløp. Kunnskapsgrunnlaget her er for lite til å definere kostnadskrevjande tiltak. Tiltak skal vere operative seinast ved utgangen av 2018, som er 3 år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt. Etter vassforskrifta kan ein såleis vente med å iverksette problemkartlegging til 2018. Kartlegginga løyser kommunale oppgåver med ureiningsproblematikk, som også er omfatta av anna lovverk. Iverksetting allereie i 2014, har fordelene at vassområdeutvalet med arbeidsutval og prosjektleiar er operativt, kjenner problemstillinga godt, disponerer over midlar, og kan ta seg av samordna innkjøp og oppfølging av prosjektet.

Vedtak: Arbeidsutvalet vedtar å gå vidare med problemkartleggingsprosjektet under føresetnad at det er innanfor dei midlar som vassområdeprosjektet disponerer.
Samrøystes

Sak 6-2014 Innkjøp av konsulentteneste: Problemkartlegging og tiltaksanalyse i høve avrenning frå jordbruk og spreidde avløp til utvalde vassdrag i Vassområde Nordfjord.

På møte i arbeidsutvalet 12.02.2014, Sak 2-2014, vart det avtalt at prosjektleiar lagar framlegg til konkurransegrunnlag for innkjøp av konsulentteneste, som arbeidsutvalet deretter tar standpunkt til. Framlegg vart sendt til medlemne 05.03. med invitasjon til å kome med tilbakemelding. Det kom ingen innvendingar, berre atterhald om at prosjektet disponerer over nødvendige midlar. Konkurransen vart kunngjort 19.03.2014 på DOFFIN. Det vart teke atterhald om at konkurransen kan avlysast dersom det ligg føre sakleg grunn, til dømes ved bortfall av planlagt finansiering eller manglande godkjenning frå styrande organ. Anbudsopning var 22.04.

Det har kome 4 tilbod på tenesta, alle innanfor tidsfrista. Alle 4 tilfredsstillar kvalifikasjonskrava. Innkomne tilbod og prosjektleiar si evaluering vart gjennomgått.

Vedtak: På bakgrunn av ei fagleg evaluering av innkomne tilbod opp mot tildelingskriteria, vel arbeidsutvalet Asplan Viak som leverandør av tenesta «Problemkartlegging og tiltaksanalyse i høve avrenning frå jordbruk og spreidde avløp til utvalde vassdrag i Vassområde Nordfjord». Arbeidsutvalet gjev prosjektleiaren fullmakt til å forhandle med leverandør om kontraktsvilkår.
Samrøystes

Staffan Hjohlman
Ref.

Mottakarar:
Sigmund Larsen for Bremanger kommune
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune
Jostein Moldestad, Gloppen kommune
Kristian Nave, Selje kommune
Solfrid Trå, Jølster kommune
Stanislawa Voldsund, Eid kommune
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Kopi til:

Nordfjord Vassområdeutval med vararepresentantar
Referansegruppa for Vassområde Nordfjord



Nordfjord vassområde

Bremanger kommune

Att: Sigmund Larsen

Dykkar ref

Vår ref (oppkje ved svar)
14/6399

Dato

06.05.2014

Referat Arbeidsutvalet Nordfjord vassområde 28.04.2014

Møtet fann stad på Heradshuset, Sandane, 28.04.2014 kl 10.00 – 12.00.

Desse møtte:

Medlemar i arbeidsutvalet:

Jostein Moldestad, Gloppen kommune (møtte for Kristine Dahl)

Sigmund Larsen, landbrukskonsulent (møtte for Bjørn Henry Marthinussen)

Kristian Nave, Selje kommune

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune

Solfrid Trå, Jølster kommune

Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Forfall:

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Odd Rønningen, Stryn kommune

Sak 4-2014 Orientering

Ministaren og 2 statssekretærar frå Klima og miljødepartementet (KLD) planlegg synfaringar i samband med høyringa av regionale vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram.

Miljødirektoratet inviterer i denne samanheng til å føreslå synfaringssjakt. Gloppen kommune ved ordføraren har føreslege kraftverksdammar ved Ålftobreen i Bremanger kommune, der samfunnsnytte må vurderast opp mot frilutslivsinteresser.

Selje kommune gjorde framlegg om Dalsbøvassdraget, der NVE har iverksett tiltak for å redde ein elvemuslingbestand. Denne bestanden var stor i si tid, men er no utryddingstruga grunna redusert vassføring.

Prosjektleiar spelar inn framlegget til Vassregionmynda, og i tillegg framlegg til synfaring saman med konsulent som skal kartlegge påverknad frå jordbruk og spreidde avløp.

Sak 5-2014 Problemkartlegging av påverknad frå jordbruk og spreidde avløp

Problemkartlegging er lagt inn i tiltaksanalysen som tiltak for fleire vassførekomstar i høve jordbruk og spreidde avløp. Kunnskapsgrunnlaget her er for lite til å definere kostnadskrevjande tiltak. Tiltak skal vere operative seinast ved utgangen av 2018, som er 3 år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt. Etter vassforskrifta kan ein såleis vente med å iverksette problemkartlegging til 2018. Kartlegginga løyser kommunale oppgåver med ureiningsproblematikk, som også er omfatta av anna lovverk. Iverksetting allereie i 2014, har fordelene at vassområdeutvalet med arbeidsutval og prosjektleiar er operativt, kjenner problemstillinga godt, disponerer over midlar, og kan ta seg av samordna innkjøp og oppfølging av prosjektet.

Vedtak: Arbeidsutvalet vedtar å gå vidare med problemkartleggingsprosjektet under føresetnad at det er innanfor dei midlar som vassområdeprosjektet disponerer.
Samrøystes

Sak 6-2014 Innkjøp av konsulentteneste: Problemkartlegging og tiltaksanalyse i høve avrenning frå jordbruk og spreidde avløp til utvalde vassdrag i Vassområde Nordfjord.

På møte i arbeidsutvalet 12.02.2014, Sak 2-2014, vart det avtalt at prosjektleiar lagar framlegg til konkurransegrunnlag for innkjøp av konsulentteneste, som arbeidsutvalet deretter tar standpunkt til. Framlegg vart sendt til medlemmane 05.03. med invitasjon til å kome med tilbakemelding. Det kom ingen innvendingar, berre atterhald om at prosjektet disponerer over nødvendige midlar. Konkurransen vart kunngjort 19.03.2014 på DOFFIN. Det vart teke atterhald om at konkurransen kan avlysast dersom det ligg føre sakleg grunn, til dømes ved bortfall av planlagt finansiering eller manglande godkjenning frå styrande organ. Anbudsopning var 22.04.

Det har kome 4 tilbod på tenesta, alle innanfor tidsfrista. Alle 4 tilfredsstillar kvalifikasjonskrava. Innkomne tilbod og prosjektleiar si evaluering vart gjennomgått.

Vedtak: På bakgrunn av ei fagleg evaluering av innkomne tilbod opp mot tildelingskriteria, vel arbeidsutvalet Asplan Viak som leverandør av tenesta «Problemkartlegging og tiltaksanalyse i høve avrenning frå jordbruk og spreidde avløp til utvalde vassdrag i Vassområde Nordfjord». Arbeidsutvalet gjev prosjektleiaren fullmakt til å forhandle med leverandør om kontraktsvilkår.
Samrøystes

Staffan Hjohlman
Ref.

Mottakarar:
Sigmund Larsen for Bremanger kommune
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune
Jostein Moldestad, Gloppen kommune
Kristian Nave, Selje kommune
Solfrid Trå, Jølster kommune
Stanislawa Voldsund, Eid kommune
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Kopi til:

Nordfjord Vassområdeutval med vararepresentantar
Referansegruppa for Vassområde Nordfjord